

Referat styremøte Myrkdalen LP 20/4 -09

Desse møtte: Maria Petterson, Per Backer, Leif G. Ure, Terje Kvalfoss, Leif A. Lirhus, Kåre Ulvund, Jorunn Hirth, Torill Årnot, Gudmund Furu

Div. Referatsaker:

- 1: Jobbar vidare med nytt opplag for Myrkdalsbrosjyren.
- 2: Gudmund + Therese Berland var på etableringskurs i Haugsvik 16/4. Fleire kurs følgjer!
- 3: Skilting & rydding vil halda fram når snøen forsvinn. Ny trase: Budeieveg via Landsbyen. Midlar vert utbetalt ved ferdigstilling.
- 4: Butikken i Myrkdalen vert diverre nedlagt om ikkje nye drivarar kan overta. Tomtene som V. Fj.landsby eig i byggefeltet vert nok ikkje bygd på dette året.
- 5: Rapporten om Myrkdalen som er laga av studentar frå UIB om samspelet mellom Landskapsparken og V. Fj.landsby er lagt ut på nettet. Den gjev på mange måtar eit korrekt bilete av dalen.

LP som fastare organisasjon: Det kan verka noko uforpliktande slik som stoda er i dag å høyra til i ein Landskapsark. Kanskje ein ide å laga ei fastare organisering med medlemskap der medemene må bidra sterkare, og samstundes kunne krevja noko att. Gudmund undersøker korleis dette er i andre Landskapsarkar.

Myrkdalsdagen er fastsett til laurdag 11. juli. Gudmund kallar inn til organiseringsmøte om dette passeleg tid i førevegen.
Myrkdalsmarsjen er fastsett til søndag 6. sept.

Båtplass: Rapporten frå UIB syner behov for båtplass m/utleige ved Myrkdalsvatnet. Kåre Ulvund jobbar med eit alternativ langs Gamlevegen utanfor tunnelen.

Kulturminneåret: Søknad er sendt om eit felles opplegg med Vik om gamaldags stølsmarknad på Vikafjellet. Vilåret for å gå vidare med dette er at søknaden vert imøtekomen.

Til samlinga på Stalheim Hotell 12.+ 13. mai er påmeldt 6 personar frå Myrkdalen LP.

Skulen: Elevtalet vil til hausten verta svært lågt. Men kanskje eit sam-bruk med Sundve skule vert løysinga, fordi her har ein tilfredsstillande lokale, noko Sundve ikkje har. T.d. kan 5. – 7. klasse gå her, dei andre stega i barneskulen kan gå på Sundve.

Møtet slutt!

Neste møte: 28. mai kl 20 hjå Torill på Årnot

Referent: Gudmund